


Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO



## Høyring - av rapporten "En kunnskapsbasert kulturpolitikk" frå Kulturdepartementets eksterne FoU-utval

Vi viser til høyringsbrev av 15.08.2012.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har ingen merknader til konklusjonane i rapporten. Det er særleg frivilligheitsområdet som ligg nært opp til dei områda vi jobbar med. Vi meiner rapporten har gode tilrådingar.

Vi jobbar sjølv med eit relativt omfattande «kunnskapsprosjekt» som går ut på å kunne samanstille og formidle kunnskap/datamateriale som vi sit på gjennom vår utstrakte kontakt med frivillig sektor og stiftelses-Norge. Prosjektet skal munne ut i ein permanent etablert kunnskapsproduksjon. Vi har erfart dei tolv åra vi har eksistert at vi gjennom sakshandsaminga vår byggjer opp ein god kunnskap som kan nyttast til statistikk m.m. til nytte for samfunn og for brukarane våre generelt. Slik kunnskapsproduksjon kan i høgste grad vere til nytte også for departementet ved politikktutforming. Eit døme: korleis fordeler inntekter frå lotteriverksemd seg utover i landet på lag og organisasjonar. Eit anna døme: på området/ordninga mva.kompensasjon for frivillige organisasjonar, som vi forvaltar, så etterspør departementet faste taloppsett som vi har føresetnader for å produsere.

Med helsing

  
Berit Hovland  
fagdirektør

  
Stig Starheim  
økonomisjef